



## REFERAT – KOMMUNEREFORM

### Møte på Volda rådhus

17.09.2018 kl. 10:00

#### Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder  
Ann Kristin Langeland, Rådmann  
Asbjørn Moltudal, ass. rådmann  
Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang  
Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter  
Joakim Rødven (referent)

#### Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>1. Referatet frå førre møtet v/ Joakim</b>	
Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven gjekk gjennom referatet frå sist møte.	

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>2. Prosess grensejustering</b>	
<p>Mot slutten av august var Nye Volda i møte med Ørsta kommune og Fylkesmannen for å drøfte vidare prosess for grensejusteringa av Bjørke og Viddal krins.</p> <p>Prosjektleder Rune Sjurgard poengterte viktigheita av at ein startar prosessen med å få fram alle relevante fakta i saka. Dette bør gjerast av uavhengig ekspertise. Sjurgard vil ta opp med administrasjonen i Ørsta kommune om å gå ut med felles anbod om ekspertisegjennomgang av økonomiske data.</p> <p>Som referanse har Sjurgard sett på prosessen for Vear, som etter kommunesamanslåinga til nye Sandefjord førte til at tettstaden vart grensejustert til Tønsberg.</p>	RS

Aktivitet 3. Potensielle nye interkommunale samarbeid	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektleiaren registrerer at det skjer ein del endringar/rørsler rundt om i kommunane på Søre. Som ei følge av både innsparing, men også ønskje for større fagmiljø, ser ein at det i større grad vert lagt opp til interkommunale samarbeid.</p> <p>Sjurgard er overtydd over at ein må følge med i tida for å få mest mogleg ut av kvar krone som kommunen brukar. Eit dilemma er at dess fleire kommunar ein skal samarbeide med, dess meir utfordrande kan det vere å få til god samordning og framdrift. Det er derimot mykje å hente gjennom samarbeid, og også gjennom digitalisering. Prosjektleiaren ønskte ikkje å gjere noko konkret med dette punktet inntil vidare, men ønskte å løfte ideane for Styringsgruppa til vidare drøfting.</p>	

Aktivitet 4. Lokalisering	Ansvarleg oppfølging
<p>Det er ikkje kome lenger rundt ei avklaring av prinsipielle lokaliseringar av tenester ved dei to rådhusa. Ved rådhuset i Volda er det per dags dato svært pressa kapasitet. Skulle eksisterande Volda kommune vedta å byggje nytt kulturhus, kan dette mellombels frigjere ein del kapasitet som kan disponerast der biblioteket ligg no.</p> <p>Prosjektleiaren kjem til å jobbe fram eit utkast så snart han har høve.</p>	RS

Aktivitet 5. Møteplan for Fellesnemnda	Ansvarleg oppfølging
<p>Styringsgruppa føreslår følgjande revidert møteplan ut året/nyåret:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Bjørke – 18.oktober</b></li> <li>• <b>Grodås – 1. november</b></li> <li>• <b>Folkestad – 6. desember</b></li> <li>• <b>Dalsfjord – 10. januar (førebel)</b></li> </ul> <p>Møta vert lagt til klokka 16:00 – 17:00, før det vert møte med grendelaga/innbyggjarane frå klokka 18:00 – 19:00. Ved stor saksmengde bør fellesnemnda starte tidlegare.</p> <p>Fellesnemnda skal i løpet av neste kalenderår også leggje møta sine til dei andre grendene/skulekrinsane i den nye kommunen. Endeleg møteplan for 2019 vert avgjort ved eit seinare tidspunkt.</p>	

Aktivitet 6. Saker til neste møte i Fellesnemnda	Ansvarleg oppfølging
<p>Førebelse saker som kan takast opp er;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Status rundt grensejusteringa</li> </ul> <p>Meir konkrete innspel til saker vert lagt fram til neste møte.</p>	

Aktivitet 7. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p>- <b>Veterinærteneste</b> Det skal vere eit møte i Førde den 5. oktober kring veterinærteneste. Der vil det bli diskutert kommunesamanslåing og kva distrikt veterinærtenestene skal tilhøyre. Hornindal har i dag samarbeidsavtale med Stryn.</p> <p>Tilbakemeldingar i Hornindal er at ein ønskjer at det samarbeidet skal halde fram slik det er. I Volda har ein samarbeids-avtale med Ørsta kommune – som administrerer dette. Med tanke på reiseavstandar kan det kanskje vere aktuelt å vurdere samarbeid med både Stryn og Ørsta.</p> <p>Ann Kristin Langeland tek opp temaet med leiar i Fellesnemnda og med Liv Bente Viddal (landbrukssjef i Ørsta kommune).</p> <p>- <b>Premie for slagordkonkurranse</b> Det vart diskutert om ein skal gi ein «større» premie for vinnaren av slagordkonkurransen som held på. Konklusjonen vart at det ikkje vert gitt ytterlegare premie utover det som er opplyst på <a href="http://www.nyevolda.no">www.nyevolda.no</a> i dag.</p> <p>- <b>Neste møte</b> Neste møte i den administrative styringsgruppa vert 4. oktober frå klokka 1030 – 1200, og blir heldt på Grodås.</p>	<p>AKL</p>

Møtet slutt kl. 11:12

Volda, 18.08.2018



**Joakim Rødven**  
Kommunikasjonsrådgjevar  
Samfunn og Rådgjeving  
Mobil 48229993  
[www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)